

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 3.søndag i treeningstida – 5.juni 2016

Preiketekst: Mark 10,13-16

Lesetekst 1: 1 Sam 1,9-18

Lesetekst 2: 1 Joh 1,1-3

## ”Å ta imot med tom hand”

### Jesus og borna

Vi har sett mange bilete av Jesus og borna. Små og litt større born sit på Jesus sitt fang og står rundt han. Hans milde åsyn er konsentrert om borna. På dei fleste bileta er der ingen vaksne, kun Jesus og borna. Skal tru vi ikkje er mange som har dette som vårt første bilete av Jesus? Kan henda er biletet følgt av barnesongen: ”Jesus elsker alle barna, alle barna på vår jord...” Kan henda er dette det biletet som kjem tilbake etter år på avstand frå alt som har med kristentru å gjera...

Jesus er på vandring saman med læresveinane, mange menneske samlar seg rundt han og han nyttar høve til å undervisa dei som samlar seg, ”*slik han hadde for vane.*” (10,1). Som den pedagogen han er, nyttar Jesus det høvet som byr seg til undervisning.

### Jesus og foreldra

”*Dei bar småborn til Jesus...*” er det som er sagt om foreldra og andre som bar borna til Jesus. Det skal vera brukt hankjønnsform, noko som tyder på at det mellom dei som kom med borna sine, var både mødre og fedre. At borna hadde ulik alder er også truleg, men likevel, dei var små, slik at dei vart borne.

Kvifor bar dei borna til Jesus for at han skal ”*røra ved dei*”?

Frå tradisjonen dei lever i, veit dei at Gud er den som ber med seg og gjev velsigning. Samtidig veit dei at menneske som Guds reidskapar, er i stand til å velsigna andre med Guds velsigning.

Det dei har høyrte om denne mannen, det dei har høyrte og sett av han, får dei til å tenkja at han er ein mann som ber med seg Guds velsigning, at han er ein reidskap som kan nedbe Guds velsigning over borna deira. Derfor ber dei borna sine til Jesus, for at dei skal få del i Guds velsigning som er altomfattande (5 Mos 28,3 ff).

Leseteksten frå 1 Sam om Hanna som kjem til Herrens tempel for å be om Guds velsigning i form av eit barn og som sidan gjev dette barnet tilbake til Herren, er eit vitnemål om korleis born vart oppfatta som eit teikn på Guds velsigning og korleis det å ikkje få born kan oppfattast som det motsette.

Det er i kjærleik til borna at foreldra ber dei til Jesus for at han skal ”*røra ved dei.*” Dei unner sine minste det beste!

### Jesus og læresveinane

”*...men læresveinane viste dei bort.*” Dette er det som vert sagt om læresveinane, dei som stod Jesus nærast, dei som ein kunne forventa kjende han best og forstod han best. Men Jesu reaksjon viser at dei ikkje kjende og forstod han godt nok. Jesus vart sint då han såg kva læresveinane gjorde

og han tala strengt til dei.

Vi treng nok ikkje vera i tvil om at det var godt meint frå læresveinane si side. Dei visste at Jesus hadde det travelt, at det var folk rundt han heile tida, no ville dei at han skulle ha fred. Og born var vel ikkje noko å plaga han med!

Men då får læresveinane ein lærepenge, både dei som stod rundt Jesus og ville skjerma han den dagen, og vi, hans læresveinar i dag, som også av og til tenkjer: dette er ikkje noko å plaga Jesus med!

Vi skal ikkje hindra nokon i å nærma seg Jesus, verken med ord eller handling.

Men vi kan læra er at vår oppgåve er å peika på Jesus, slik Johannes Døyparen gjorde (Joh 1,29), det er å visa vegen til Jesus, slik Filip gjorde med Natanael (Joh 1,45-46) og det er å bera nokon til Jesus, slik dei fire som bar den lame mannen til Jesus, gjorde (Mark 2,3 ff).

## **Jesus og borna**

*"Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til."* Dette er det Jesus seier til og om borna. Han seier det til foreldra og til læresveinane også. Så held han fram: *"Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det."*

Her får dei vaksne ein ny lærepenge: det er ved å bli som barn at også dei kjem inn i Guds rike. Barnet har ei ukomplisert innstilling, det har ei tillitsfull tru, det kjem slik det er, utan fiksfakseri. Det kjem ikkje verken med gjerningar eller forklaringar.

På mbum-språket i Kamerun betyr det ordet som vert brukt for å tru i kristen forstand, "å ta imot med tom hand." Det er det barnet gjer, det har ingenting å koma med, det kjem med tom hand for å ta imot det Jesus vil gje.

Det er slik Jesus vil vi skal koma, slik vil han vi skal leva, i trygg tillit til hans frelsesverk!

I Matt 18 spør læresveinane Jesus om kven som er størst i himmelriket. Svaret dei får, er at Jesus set eit barn mellom dei og seier: *"Sanneleg seier eg dykk: Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket. Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket."* (Matt 18,3-4).

Møtet mellom Jesus, foreldre, læresveinar og born endar med at Jesus tek borna inntil seg og legg hendene på dei og velsignar dei. Eg ser for meg at han legg hendene på kvar enkelt og velsignar kvar enkelt. Ei sterk oppleving må det ha vore for borna og for alle som stod rundt, trur ikkje dei gløynde denne dagen så fort!

## **Jesus og vi**

Jesus stiller fram barnet som eit eksempel for oss som har vanskeleg for å godta at vi ikkje kan bidra med noko sjøve for å koma inn i Guds rike. Jesus lærer oss at i Guds rike kjem vi alle, både born og vaksne, inn av nåde, ufortent, gratis. Det er grunnlaget, og denne nåden er vi alle avhengige av heile tida. I oss sjøve er vi hjelpelause menneske, like hjelpelause som eit lite barn. Den som vender seg til Jesus, barn eller vaksen, vert teken imot av nåde og berre det.

I den lutherske kyrkja vert ofte teksten brukt ved barnedåp. Sjølv om teksten ikkje direkte talar om dåpen, er dåpen eit nådemiddel som gjev oss del i Guds rike utan å ha fortent det. Småborn vert borne fram til Jesus og får del i noko dei ikkje har i utgangspunktet, Guds rike. For Guds rike høyrer slike til, slike som ikkje sjøve har noko å visa til, noko dei sjøve kan bidra med.

Jesus velsignar kvar den som kjem til han! Og vi får koma på nytt og på nytt!

## **Alvhild Vassel Eide**

Pensjonist, tidl. misjonær og heimearbeidar i NMS

[alvhild.vassel@dcpost.no](mailto:alvhild.vassel@dcpost.no)